

No har dei etablert NIL-festen i Norddal til påskeaftan og ikkje ved juletider slik den opphavleg var og dei unge er med å lagar program.

Alfred Nilsen  
alfred@storfjordnytt.no

Dei unge var friske og klemte til frå start med ei slags oppsummering av påska gjennom song av Pernille Indreeide Dale.

## Same lesten

Dei startar med å servere mat på grendahuset i Norddal og etter at dei har prata og kost seg over ein kopp kaffi set dei i gong med programmet. Pernille var frisk i fråsparket og kanskje var det nokre foreldre som fekk seg eit sjokk når dei høyrde kor utspekulerte ungdommen kan vere. Kostbart med påske er det òg, for å få ei vellukka påske treng dei både fellar og fest. Idrettslaget i Norddal er sentral organisasjon i bygda og Erik Eliassen er i dag leiar i laget. Det fekk vi vite med jamne mellomrom frå scena av leiarane på mange humoristiske måtar.

## Maktmisbruk

Litt surrealistisk var det kanskje å sjå at å bli leiar i ei av undergruppe i laget ikkje var heilt enkelt. Her var leiaren nådelaus når han testa ut eigenskapane til Markus Rønneberg som hadde håpa å få leie økonomi- og arrangementgruppa. Programmet varte i ein god time og fram på scena dukka det på både båndspelarar og bortkomne orienteringsløparar. Jarl Ringstad Krohn dro nokre feite riff på gitaren sin og song for dei som var til stades. Song gjorde òg Markus Rønneberg og Ådne Hanset medan Ola Grønningsæter var «Pretty woman».



Fotograf: Kristian Almås > Mot Bøstølen i Innfjorden. Frå Overøye i Stordal kan du no gå på ski til Rauma kommune.

# Ungdommen tek over



Komiteen for NIL-festen dette året takka for seg med ein song.

## Gammal og ung

Pernille hadde tre nummer åleine på scena og imponerte med sitt engasjement og frie tale. Nina og Elisabeth Grønningsæter song songen om dei to som ikkje kom i mål på sin tur til Storvatnet, sjølv om det dette året ikkje vart

arrangert Storvassrenn.


Ingvild Nystad presenterte den faste posten for dei som hadde gitt ut bok i året som var over og ordføraren i Norddal kommune var ein av dei, denne gong med boka: «Korleis legge raskt ned eple, morellar og skular».

Heile komiteen kom på scena, song ein song og takka for seg før Ingvild Nystad og Jan Kåre Eide høgtideleg leste opp komiteen for 2015.

Idrettslaget i Norddal har i fleire år lufta ideen om å dele på å lage til fest med nabobygda

Eidsdal.

– Dette håper eg vi no får til slik at vi på den måten kan stimulere til betre samarbeid bygdene i mellom og at vi slepp å vere i festkomiteen annakvart år, seier Nina Grønningsæter.



Den nådelause leiaren i idrettslag, Eirik Eliassen gjorde oppgåva vanskeleg for Markus Rønneberg når han vil vere med å styre laget.



Markus Rønneberg og Ådne Hanset song Pretty Woman, medan Ola Grønningsæter var det.

Send eit av dine blinkskot med ein billettekst til:  
post@storfjordnytt.no – og få det på trykk

# Lesarbiljetet

## HØG STRAUMREKNING?

Vi har varmepumper av høg kvalitet til gode prisar



Vi har til dømes årets nyheit frå Mitsubishi Electric, **Kirigamine HARA 6,6**. Testvinnar i Forbrukerrådet!

Kirigamine HARA er spekka av teknologi og funksjonar som markedet ikkje har sett tidlegare!

Ta kontakt for gratis synfaring og godt pristilbod!

NOVAPGODKJENT FORHANDLER



Tafjord Elektro AS  
elektro@tafjord.no  
www.tafjord.no  
Tlf 70258540

elfag  
elfag.no - når du trenger elektriker